
Fra: Henry Fanebust <herfaneb@online.no>
Sendt: 16. november 2016 21:46
Til: Benjamin Stephen Hicks
Emne: Gnr 99/4 - manglande vegrett til omsøkte bu-einingar. Sak 16/1342

Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 16.11.2016

Lindås kommune v/Benjamin Hicks
gjeld sak 16/1342

Gnr 99/4 – Manglande vegrett til omsøkte bueiningar

Eg les, via LK si post-liste, at gnr 99/4 Alf Eikevik no søker om oppføring av 3 bu-einingar i motsetnad til den einebustaden eg tidlegare har mottatt varsel om.

Dette siste utspelet frå Alf Eikevik er totalt uakseptabelt, det er 2 grunnar til dette:

1. Bruk nr 99/4 har ikkje vegrett til 3 bu-einingar. (Gardsvegen er for øvrig i si heilheit kosta og vedlikehalden av 99/1).
2. Å anleggje 3 bu-einingar på 99/4 inneber misleghald av konsesjonsvilkåra.

Søknad om 3 bu-einingar (mellom desse for øvrig eit heilt ueigna gardshus med berre eitt soverom!) må vere på total kollisjonskurs med A.E. sine konsesjonsvilkår. Frå før er desse konsesjonsvilkåra misleghaldne på det grovaste med tanke på den ubotelege skaden han ulovleg har påført tun og kulturlandskap i form av svære masseforflytningar og sundsprenging av det i særklasse idylliske og unike kulturlandskapet han kjøpte. A.E. har vist at han har 0 interesse eller respekt for staden eller dei vilkåra som ligg i konsesjonen. Han har eit eige prosjekt som no trer meir og meir tydeleg fram. Det dreier seg korkje om gardsdrift eller skogbruk, men om utnytting av fast eigedom til anna formål.

A.E. viser pånytt at han totalt manglar respekt for dei vilkåra han overtok 99/4 etter, og med det han har foretatt seg hittil framstår han særst lite skikka til den oppgåva han har forplikta seg til. Han har aldri, trass i sine mange overtramp, vist den minste vilje til å rydde opp og etterkome dei krava som konsesjonen stiller. Han tileigna seg ved kjøpet for 3 år sidan eit særprega og idyllisk småbruk, han skubba ut over sidelinja fleire interessantar som hadde genuin interesse av å ivareta nettopp **dette** tunet, **dette** kulturlandskapet og **dette** småbruket/skogbruket. Ein skulle tru at dette ville forplikte.

Poenget med hverande brev er å understreke at Alf Eikevik, 99/4, ikkje innehar vegrett som står i forhold til det han søker om.

Med vennleg helsing
Elin H. Fanebust, gnr 99/1

P.S.

Eg har funne via nettet at A.E. har søkt om ny avkøyrsløse på mitt bruk, søknaden innbefattar både vekksskyting av knaus på mitt bruk og legging av veg innpå mitt jorde. Dette er ein søknad eg ikkje stiller meg bak. Avkøyrsla i dag fungerer greitt, og kjem til å fungere endå betre når den nye gang- og sykkelvegen vert etablert.

Dette er eit nytt døme på A.E. sin arroganse og manglande respekt.

A.E. gjev i søknaden til vegvesenet inntrykk av å søkje om tømmerveg, medan skogen hans ligg på motsett side av riksvegen!